

NotatDato: 06.10.2016
Arkivsak: 2016/10482-1
Saksbehandlar: josfare

Til:	Fylkestinget
Frå:	Fylkesrådmannen

Vidareføring og styrking av utvalde tenester frå Business Region Bergen**Bakgrunn**

Bergen kommune har vedtatt å avslutte sine tenestekjøp frå Business Region Bergen (BRB) med verknad frå 1.1.2017. Som følge av dette vart det i ei ekstraordiner generalforsamling 24. juni, fatta vedtak om å avvike Business region Bergen AS. Parallelt med dette sette eigarkommunane ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide eit forslag til vidareføring, organisering og finansiering av oppgåvene som BRB har hatt ansvar for på vegne av eigarane.

Følgjande mandat vart gjeve til arbeidsgruppa:

1. Arbeidsgruppa skisserer framtidig organisering og fordeling av oppgåver som i dag ligg hjå BRB.
2. Val av oppgåver og organisering må vere realiserbar både med tanke på økonomi og tidsbruk.
3. Forslag på finansieringsløyning av oppgåvene, gjennom eit spleiselag som gjev alle kommunane lågare kostnader.
4. Gruppa skal vurdere det geografiske nedslagsfeltet for ein ny struktur.
5. Arbeidet skal vere ferdigstilt innan fredag 10. juni.

I Fylkestinget 14. 06.2016 vart følgjande forslag samrøystes vedtatt:

Terje Kollbotn (R) sette på vegner av R fram slikt oversendingsforslag til gruppa som skal gå gjennom delegasjonsreglementet:

«Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggje fram ei sak om korleis det næringspolitiske arbeidet kan styrkast etter avvikling av BRB.

I Fylkesutvalet 22. september 2016 er det i møteprotokollen frå under OPEN TIME teke inn følgjande:

«**Silje Hjemdal (Frp)** viste til avgjerd i Bergen kommune knytt til Business Region Bergen (BRB), noko som vil ha konsekvensar for Hordaland fylkeskommune. Ho bad om status. Fylkesdirektør regional utvikling opplyste at det vil verte lagt fram sak om problemstillinga i neste møte.»

Denne referatsaka freistar å svare på begge desse protokollmerknadane.

Vidareføring og styrking av utvalde tenester frå Business region Bergen

Hordaland fylkeskommune, ved Regionalavdelinga, i samarbeid med ei representativ gruppe for alle kommunane i Hordaland, og i god dialog med Regionråda i fylket, har utarbeidd eit framlegg til vidareføring for nokre av tenestene som var lagt til BRB. Framlegget er i sin heilskap lagt ved denne saka.

Det er særskilt to oppgåver som kommunane har peika ut som særskilt viktige å vidareføre og styrke vidare. Dette gjeld Etablerersenteret og næringsutviklingsprogrammet «Invest in Region Bergen».

Etablerersenteret

Etablerersenteret har i dag to tilsette (1.7) årsverk, som arbeider med kurs og rettleiing for etablerarar i regionen. Etablerersenteret er ein god dialogpartner, forretningsutviklar og rådgjevar for etablerarar og bedrifter som treng assistanse i etablering- og vekstfasen. I tillegg er dei ein god sparringspartner for kommunane sine rådgjevarar for etablering.

I framlegget til vidareføring vert oppgåva no lagt til fylkeskommunen, men merkevara «Etablerersenteret» skal utviklast vidare, og vil ha eit eige kostnads- og finansieringsbudsjett. Etablerersenteret skal ha ei eige styringsgruppe som representerer eigarane. I tillegg vil ein på eit eller fleire av ordførarmøta i året ta dei strategiske grepa for utviklinga vidare.

Etablerersenteret skal arbeide utadretta i heile fylket og samarbeide tett med dei eksisterande aktørane i kommunane / regionane, som t.d. Regionråd, næringshagar, inkubatorar og liknande. Etablerersenteret vil kunne nytte administrative ressursar frå fylkeskommunen og vil inngå i innsatsgruppa for innovasjon og entreprenørskap på Næringsseksjonen.

Etablerersenteret vil ha «utekontor» ein fast dag i veka i Bergen og vidare tilby kurs og rettleiing ute i kommunane. Det vert særskilt viktig å få til eit samarbeid med dei ressursane som regionane har i dag innan entreprenørskap, då desse innehar ein lokalkompetanse som er viktig å nyttiggjere seg av.

Organiseringa vil sikre ei meir heilskapleg utvikling av etablerertene i Hordaland ved å kople Kom-an.no-satsinga til fylket og Etablerersenteret tettare saman. Dette vil heve den totale innsatsen og den samla kompetansen innan arbeidet med etablerertene i fylket.

Invest in Region Bergen

«Invest in Region Bergen» ivaretar det nasjonale programmet til Innovasjon Norge «Invest in Norway» for Hordaland. Prosjektet skal tiltrekkje seg nasjonale og internasjonale næringsetableringar til fylket, og vil vere kommunane sitt felles mottaksapparat for investeringsinteressentar. Prosjektet er fortsatt under utvikling, men har allereie hausta gode skotsmål frå Innovasjon Norge sentralt.

«Invest in Region Bergen» har utvikla seg det siste året men det er trong for å tydeleggjere omfang og aktivitetar i enno større grad enn det som er tilfellet i dag.

Oppgåva vil innebere å vere kommunane sin representant i møte med investeringsinteressentar. Dei som arbeider med dette må ha god oversikt over ulike eksisterande planar knytt til næringsutvikling i fylket og ute i dei ein-skilde kommunane.

«Invest in Region Bergen» vert no lagt til Hordaland fylkeskommune, men det er tydeleg at det er merkevara «Region Bergen» som skal fremjast. «Region Bergen» vil representere heile fylket (dei kommunane som er med og betaler), men det er semje om å nytte «Bergen» i merkenamnet for regionen, då dette har eit godt renommé i utlandet.

Oppgåvene vert etablert som eit «næringsutviklingsprogram» i Hordaland fylkeskommune, med eige kostnads- og finansieringsbudsjett, og ei eige styringsgruppe som representerer eigarkommunane. I tillegg vil ein på eit eller fleire av ordførarmøta i året ta dei strategiske grepa for utviklinga vidare av programmet.

Ved å legge «Invest in Region Bergen» til Regionalavdelinga, vil prosjektet verte del av eit breiare fagleg miljø enn det som har vore tilfellet i BRB. Til dømes vil ein no kunne ha eit mykje tettare samarbeid med Planseksjonen og Samferdsleavdelinga i fylket.

Begge desse prosjekta vert no del av fylkeskommunen si breie samfunnsutviklarrolle, og vil slik tilby ei større og breiare teneste, i tillegg til den spisskompetansen som ligg i prosjekta i dag.

Fylkeskommunen vil òg få ansvar for å følge opp Strategisk næringsplan Bergensregionen 2015-2020, som er vedtatt i alle dei tidlegare eigarkommunane og i Hordaland fylkeskommune. Slik knyt ein denne planen enno tettare saman med Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017, og styrkar den heilskapelege næringsutviklinga i Hordaland.

Som del av overføringa av desse utvalde tenestane frå Business Region Bergen, vil fylkeskommunen ved næringsseksjonen, òg tilby hospiteringsordningar for nyttilsette næringsssjefar og næringsrådgjevarar i kommunane. Initiativet tek utgangspunkt i tilbakemeldingar frå kommunane, som til tider har trong for ein sparringspartner som er større enn kommunen sjølv innan næringsutvikling. Bergen kommune har allereie gjennomført eit hospitantopphald, og fleire kommunar har kontakta fylkeskommunen for ei liknande ordning. Det vert utarbeidd retningslinjer og program for hospiteringsordninga.

Økonomisk konsekvens

Som ein stor eigar har Hordaland fylkeskommune nytta mykje ressursar inn i Business Region Bergen sidan selskapet vart etablert. Dei siste åra har tildelinga til BRB vore knytt til ein differensiert fordelingsnøkkel for innbyggjartal i eigarkommunane i selskapet. I 2016 er løyvinga på kr 4 051 000.

Finansieringsplanen for dei nye tenestene legg opp til eit vidare spleiselag med kommunane om tenestene, og det er einigheit om at kommunar og fylkeskommunen betaler kr 7 for kvar innbyggjar som er med i samarbeidet. Med denne modellen vil fylkeskommunen sitt økonomiske bidrag verte på inntil kr 3 600 000, gjeve at alle kommunane vert med i samarbeidet. Kostnaden dekkjer lønskostnadar til dei tilsette på prosjekta, reise- og kursutgifter og eventuelle investeringar som kommunane einast om for å styrke prosjekta.

Hordaland fylkeskommune har sendt ut framlegg til intensjonsavtale til alle kommunane i Hordaland, med den gjevne finansieringsnøkkelen. Fylkesdirektør for Regional utvikling har vitja regionråda for dei kommunane som tidlegare ikkje har vore med i Business Region Bergen og presentert framlegget. Bergen kommune, ved Byråd for klima, kultur og næring Julie Andersland, har stilt seg positiv til framlegget til organisering og finansiering, noko som har vore viktig i utarbeidinga.

Fylkesrådmannen ser positivt på at dei gjevne tenestene vert lagt til Hordaland fylkeskommune, og slik vert del av den breie portefølja av nærings- og samfunnsutvikling. Ved å gjere tenestene tilgjengeleg for alle kommunane i Hordaland gjennom eit spleiselag, vil ein kunne styrke den heilskapelege entreprenørskapssatsinga i Hordaland, og gjere fylket enno meir attraktivt for næringsetableringar utanfrå. Denne organiseringa vil òg kunne styrke samarbeidet med kommunane innan næringsutvikling, noko som er positivt i dei pågåande prosessane med kommune- og regionreform.

Vedlegg: Notat om vidareføring og finansiering – vidareføring av oppgåver i BRB – revidert 19.09.2016